

Sak: 6/2016 Saksgrunnlag – Utval i Regionrådet 2016-19

Bakgrunn:

Regionrådet er eit politisk samarbeidsråd med tre underutval. Ansvarsområdet er vidareutvikling av regionen næringsmessig, sosialt og kulturelt. Rådet er samansett av ordførarane i samarbeidskommunane og der rådmenn og dagleg leiar i Nordhordland Utviklingselskap IKS har møte og talerett.

Det er etablert ein struktur med 3 underutval, som har eit særslikt ansvar for å følgja opp ulike satsingsområda.

1. Nærings- og samferdselsutval
2. Kulturutval
3. Helseutval

Med bakgrunn i endra behov og endra utfordringsbilete for regionen og kommunane ser ein at det kan vere nødvendig å evaluere utvalsstrukturen, vurdere samansettinga av utvala, mål for arbeidet og kva ansvar kvar av utvala skal ha.

Regionrådet har i møte 4.desember 2015 vedtatt at det skal gjennomførast ei evaluering av struktur og underutval, og at underutvala skal ha ein gjennomgang og vurdering av eige arbeid.

Vidare framdrift:

- Regionrådet ber dagens underutval ha ein gjennomgang og vurdering av eige arbeid, samt evaluera mandat, samansetting og måloppnåing. Dette kan gjerast ved møte, eller ved bruk av e-post / telefon. NUI tek initiativ til dette, og det må gjerast innan 16. desember.
- NUI jobbar litt vidare med dette eit saksgrunnlag med forslag til organisering av utvalsstrukturen i Regionrådet i 2016-2019, og innhald i desse. Saksgrunnlaget kjem ut innan 15. januar.
- Medlemmene i Regionrådet vert i saksgrunnlaget bedt om å velja kva utval dei ynskjer å jobba i. Tilbakemelding om dette går til NUI i forkant av neste Regionrådsmøte.

Om Nærings- og samferdselsutvalet:

Næringsutvalet er samansett av fire ordførarar, valt ut frå Regionrådet. Utvalet jobbar med nærings- og samferdselspolitiske saker i regionen og førebu saker til Regionrådet.

Om Kulturutvalet:

Kulturutvalet har fire ordførarar som medlem, valt ut frå Regionrådet. Dei følgjer opp kulturpolitiske saker i regionen og har hatt ei særskilt oppfølgjing av Biosfære-prosjektet. Dei har hatt samarbeid og fellesmøter med Nordhordland kulturforum. Det er også eit samarbeid med Museumssenteret i Salhus.

Om Helseutvalet:

- etablert i 2007
- samansett av ordførarar, rådmenn og kommuneoverlegar
- Regionrådet sitt helsepolitiske organ
- utvalet har eige mandat(vedlagt)
- har arbeidd med utviklingsoppgåver av felles interesse for kommunane i regionen, i eigen regi eller saman med lokalsjukehus, lokalt helseføretak og andre aktørar innan helse og omsorg med særleg fokus på oppfølging av Samhandlingsreforma.

Underutvala er utfordra til å gjennomføra ei eiga evaluering og svara på følgjande spørsmål:

Evaluering frå Kulturutvalet / Nærings- og samferdsleutvalet:

- 1. Kva har ein fått til?**
- 2. Kva må forbetraast/endrast?**
 - Oppgåver / samansetjing / arbeidsform / anna?
- 3. Kva rolle og funksjon bør utvalet ha framover?**
- 4. Synspunkt på til kva utval dei 'nye' oppgåvene *reiseliv* og *omdømebygging* bør høyre til?**

Nærings- og samferdselsutval - innspel til spørsmåla ovanfor:

Næringsutvalet har;

- Gitt samla uttaler til viktige samferdselsplanar som t d NTP og RTP.
- Vore eit samlande organ i høve kommunane sine innspel til kollektivtilbudet.
- Har også arbeidd aktivt for å gjenoppta snøggbåtsambandet Knarvik - Frekhaug - Bergen.
- Oppretta dialogfora med NHIL
- M.a fokus på plan byggesak. Konkrete tiltak etablert etter felles konferanse
- Arbeidd for å få på plass ein interkommunal nærings- og samfunnsutvikling plan for Nordhordland.

Det nye nærings- og samferdsleutvalet kan vurdere om det skal spisse arbeidet sitt til utvalde område. Det kan også vurderast om ein skal utvide utvalet med representantar frå næringslivet og / eller representantar innan fagområdet. Vidare kan det i nokre tilfelle vere ein god idé å setje ned ad-hoc grupper som kan arbeide kortsiktig med konkrete saker.

Utvalet meiner at rolla og funksjonen til nærings- og samferdsleutvalet fungerer greitt. Saker som vedkjem reiseliv kan naturleg høye inn under utvalet. Ein er usikker på om også omdøme skal høye inn under her – det kjem an på kva andre utval ein vel å ha.

Kulturutval - innspel til spørsmåla ovanfor:

Kulturutvalet har;

- I førre periode gått frå å vere eit museumsutval til å bli eit kulturutval. Det har vore ei utfordring å involvere seg i det «breie» kulturarbeidet.
- Jobba godt med biosfære-prosjektet.
- Jobba ein del med museumsarbeid og har hatt dialogmøter med Museumssenteret
- Hatt ein del dialogmøter med Nordhordland Kulturforum

Det er nok av oppgåver å gripe fatt i. Kulturutvalet bør vere eit utval som fremmar dei kultursakene som sameiner og lyftar heile regionen. Ein kan også sjå nærrare på det utvida kulturomgrepet som inkluderar idrett, frivilligkeit og folkehelse. Dette er mogeleg å få til dersom utvalet har ein tett dialog med kulturetatane ute i kommunane. Det bør det fokuserast meir på enn det har vore gjort. Det kan skje med fysiske møter av og til, men også ved å ha gode rutinar på at kommunane melder kva dei arbeider med til utvalet.

Utvalet er nøgd med samansettinga av gruppa. Ein vil anbefale å setje opp ein møteplan.

Kulturutvalet meiner at reiseliv høyrer til nærings- og samferdsleutvalet, medan omdømearbeid kan leggjast til kulturutvalet.

Helseutvalet er utfordra på følgjande spørsmål:

- 1. Kva har ein fått til?**
- 2. Kva må forbetraast/endrast ?**
 - Mandat / samansetjing / oppgåver / arbeidsform / anna?
- 3. Kva rolle og funksjon bør Helseutvalet ha framover?**
- 4. Treng regionen/kommunane eit Helseutval, og kvifor?**
 - Korleis kan ein alternativt tenke seg at helsepolitiske perspektiv og drøftingar blir ein del av samhandlinga?

Helseutvalet - innspel til spørsmåla ovanfor:

Helseutvalet;

- har fungert som helsepolitisk samarbeidsforsa for kommunane i Region Nordhordland.
- har verka samlande og utviklande for regionen og samarbeidet mellom kommunane og mellom etatane.
- har vert - og er eit viktig samarbeidsforsa både i planleggings-, prosjekt- og i driftsfasen av samarbeidstiltak innan helse- og omsorgstenesta i kommunane.
- har arbeidd systematisk og målretta over år, både med enkeltsaker og saker på eit meir strategisk nivå. Av konkrete saker vil ein særleg ta fram saka om å få legespesialistar/avtalespesialistar til regionen og utvalet si rolle og kontaktflate mot overordna organ.
- er godt kjent i kommunane og har fått ein status som eit viktig samarbeidsforsa når det gjeld helserelaterte saker.
- har arbeidd for å løfta fram kommunane og innbyggjarane sine behov og har ei målretta satsing på samarbeid og samhandling mellom kommunane og med spesialisthelsetenesta.
- bør vere eit organ som arbeider med overordna strategisk satsing og utviklingsarbeid på vegne av heile regionen. Dette er eit viktig koordinerande organ for samarbeid innan helse og omsorgstenesta, og utvalet meiner sjølv at det er behov for eit slikt samarbeidsforsa også i framtida.

Medlemmene meiner;

- det er nyttig å ha ein møteplass der politikk, administrasjon og fagleg kompetanse arbeider i lag.
- at det har vert viktig å ha med den faglege kompetansen som kommuneoverlegane representerer i dette samarbeidsorganet. Det har vert læreriktig og har bidratt til gode diskusjonar.
- det har vert ein styrke for regionene å ha eit samarbeidsforsa som kan møte overordna politisk leiing og statlege organ (t.d RHF) for å løfta fram Region Nordhordland sine behov innan helseområdet. Vil tilrå at ein fortsett med denne samansettinga.
- at utvalet skal å vere enda meir opptatt av utvikling og innovasjon, og vil ha fleire oppgåver frå Regionrådet.
- det bør lagast eit årshjul som tydeleggjer satsingsområder og prosessar.
- utvalets mandat bør endrast og tilpassast dagens behov.
- det bør arbeidast meir med å førebu og følgje opp saker og tema som utvalet arbeider med.

Konklusjon:

Helseutvalet tilrår at utvalet held fram som før med politisk, administrativ og fagleg samansetting, men at mandatet for utvalet bør endrast. Helseutvalet ber NUI utarbeide forslag til endring av mandat, og at det vert lagt fram til handsaming i Regionrådet.

NUI si tilråding:

I sak 56/2015 i Regionrådet 4. desember 2015 vart også nye aktuelle satsingsområde for underutvala lufta:

Kunnskap og kompetanse

Det har blant fleire i Regionrådet i siste periode, blitt lufta om ikkje regionen burde setja kunnskap, innovasjon og kompetanseutvikling meir på dagsorden Me det meinast fokus på – og samarbeid med vidaregåande skular i Region Nordhordland (3 stk.). Innovasjon og forsking i både det kommunane og offentlege, men også korleis kommunane kan bidra og legga til rette for dette i det private næringsliv.

Reiseliv

Administrasjonen vil foreslå at oppfølging av reiselivsnæringa vert lagt til eit utval. Etter at Reiselivslaget vart lagt ned har det oppstått eit vakuuum innanfor oppfølging, informasjonsutveksling og organisering innan reiseutviklingsarbeidet. No har me ei tid hatt eit samarbeid med Bergen reiselivslag med tanke på å fremja eit forslag om innretting av framtidig reiseliv i Region Nordhordland.

Aktuelt arbeid for neste periode kan vera følgje opp saker som vedkjem informasjonsutveksling mellom kommunane, næringa, Bergen Reiselivslag og Hordaland fylkeskommune (reiselivsavdelinga). Vidare å sjå på korleis organisering og utviklingsarbeid bør vere lokalt i regionen, sett frå kommunane og regionalt perspektiv, i høve til ønska utvikling av næringa

Omdømmebygging

Administrasjonen vil foreslå at eit utval også følgjer opp sakar som vedkjem profilering og omdømmebygging av Region Nordhordland. Dette er eit av fokusområda i den interkommunale nærings- og samfunnsplanen og det er peika på fleire aktuelle tiltak. Dette er også eit av dei prioriterte områda der biosfæreprosjektet vil bidra.

NUI føreslår med bakgrunn i evalueringane av eksisterande utvalsstruktur samt ynskje om nye fokusområde at Regionen har tre underutval i perioden 2016-19:

1. Utval for helse- og omsorg
2. Utval for næring og samfunnsutvikling
3. Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling

Utval for helse- og omsorg

Utvalet fortsett som i dag, men får omsorg med i namnet med tanke på også ha fokus på det området – jfr. «Interkommunal plan for helse- og omsorgstenester». Mandatet vert litt justert (vedlegg). Utval for helse og omsorg består av tre ordførarar, 2 rådmenn (valt av rådmannsutvalet) og to kommunelegar (valt av kommunelegane) og har sekretær frå NUI. Utvalet reviderer sjølv eksisterande mandat, og legg det fram for Regionrådet for endeleg godkjenning.

Utval for nærings- og samfunnsutvikling.

Dagens Nærings- og samferdsleutval skiftar namn til «Utval for nærings- og samfunnsutvikling». Dette for å få eit breiare og meir dekkande namn i forhold til oppgåvene. Namnet vert då også meir iht. «Interkommunal plan for nærings- og samfunnsutvikling» som er i sluttfasen.

Utvalet skal på vegne av Regionen ha fokus på saker som er viktig for regionen innan nærings- og tenesteutvikling, samferdsel (kollektiv, veg, bru, trafikktryggleik RTP, NTP m.v.), bu- og arbeidsområde og reiseliv. Organisering av reiselivet m.v. i Nordhordland er ei sak som kjem opp no i 2016. Me har i dag dialog med Bergen reiselivslag om framtida, og dei legg fram eit forslag ganske snart.

Utvalet skal på vegne av Regionrådet ha fokus på oppfølging av tiltak i «Interkommunal plan for nærings- og samfunnsutvikling». Utval for nærings- og samfunnsutvikling består av 3 ordførarar og har sekretær frå NUI. Utvalet utformar sjølv eit mandat og legg det fram for Regionrådet for endeleg godkjenning.

Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling

Dagens kulturutval utvider porteføljen og skiftar namn til «Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling». Utvalet skal jobba med det utvida kulturomgrepet som inkluderer idrett, frivillighet og folkehelse og skal ha fokus på saker og anlegg som går på tvers av den enkelte kommune, og på saker som sameiner og lyftar heile regionen.

Utvalet skal ha dialog og jamlege møte med t.d. Nordhordland kulturforum og Museumssenteret i Salhus. Utvalet skal jobba med omdømmesbygging av regionen og dette arbeidet skal ta utgangspunkt i det arbeidet som vart gjort i omdømmeprosjektet.

Utvalet skal på vegne av Regionrådet har ansvaret for å vidareutvikla regionen som ein kompetanse- og kunnskapsregion. Me det meinast t.d. å jobba for ei styrking av dei tre vidaregåande skulane i regionen – og utvikling av programfag ved skulane. Vidare bidra til at utvikling, forsking og innovasjon vert sett på dagsorden i kommunane, og at regionen legg til rette for i næringslivet. Regionrådet har ved fleire høve hatt dialogmøte med både UIB og HIB, og begge kunnskapsinstansane ynskjer å koma meir ut i regionen. Utvalet skal jobba vidare med å konkretisera dette.

Utvalet skal ha på vegne av Regionrådet fylgja opp at folkehelse vert knytt til dei ulike satsingsområda som Regionrådet arbeider med.

Utvalet for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling skal bestå av tre ordførarar og har sekretær frå NUI. Utvalet må få på plass eit mandat som vert å legga fram for Regionrådet for endeleg godkjenning.

Forslag til vedtak:

- Regionrådet vedtar følgjande utval og struktur for perioden 2016-19:
 1. Utval for helse- og omsorg (tre ordførarar, to rådmenn og to kommunelagar + NUI)
 2. Utval for nærings- og samfunnsutvikling (tre ordførarar + NUI)
 3. Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling (tre ordførarar + NUI)
- Regionrådet vel ordførarar til utvala.
- Utvala utformar sjølv mandat og legg det fram for godkjenning i Regionrådet. Mandatet baserer seg på eksisterande mandat og/eller saksgrunnlaget.
- Utvala lagar sjølv ein årsplan for sitt arbeid.